



Referat frå programstyret i Spansk språk og latinamerikastudium

Dato: 19. februar 2020

Tid: kl. 12:30-14.00

Sted: HF-bygget, rom 309

Til stades: Jon Askeland (fagkoordinator), Marta Sánchez Salvá, Synnøve Ones Rosales, Miguel A. Quesada-Pacheco, Xavier Llovet Vilà, Kari Soriano Salkjelsvik, Soledad Marambio, Solveig Bermúdez Moreira (stud.rep.), Mareike Mannigel (stud.rep.) og Robert Graff Bakkevold (sekretær).

Saksliste:

01/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjend

02/20 Godkjenning av møtereferat frå programstyremøte 20. november (sjå vedlegg)

Godkjend

03/20 Orienteringssaker

Plan for studentevalueringar jamfør «Modell for kvalitetsutvikling».

Programstyresekretæren presenterer eit enkelt forslag til ein slik plan. Xavi påpeiker at SPANDI201 og SPADI301 må med i planen frå 2023.

Orienteringa leier til ein konstruktiv diskusjon mellom representantane rundt avviking av studentevaluering; innspel rundt bruk av undervisningstid og korleis ein skal sikre høgare deltaking. Emneansvarleg avgjer sjølv korleis ein ønskjer å arrangere ei studentevaluering.

04/20 Diskusjonssaker

1. Undervisning og eksamensarbeid våren 2020?

Det kjem ingen kommentarar på eksamensplan. Askeland informerer om at det manglar enkelt eksterne sensorar.

2. Evaluering – oppgåver /grunnlagsmateriale for ekstern fagfelle, Hans Jacob Ohldieck.

Utover studentevalueringar, kva meir data skal vi hente ut og gi ekstern fagfelle? (100-nivå, året 2020)

- Studieplanar
- Eksamensoppgåver



- Møte med faget 8. mai (studentrep. og lærerare)
- Pensumlister
- Statistikk (sekretær)
- Emnerapportar/eigenevaluering

05/20

Vedtakssaker

1. Høve til å kommentere innhaldet i eigenevalueringane av undervisningsemne hausten 2019 (SPLA100, SPLA117, SPLA118, SPLA119, SPLA311, SPLA312, SPLA313, DIDASPA1, SPANDI101, SPANDI103, SPLA350). Vedta eit eller fleire punkt (skisse) over kva som skal prioriterast å vere med i ei kort programevaluering levert til instituttleiinga.

Jon ber om fullmakt til å skrive ei kort programevaluering. Etter å ha lese eigenevalueringane er inntrykket hans at kursa har fungert jamfør emneomtalar og intensjonar. Sender ut på høyring.

Mareike retta søkelyset mot evalueringa av masteroppgåveemnet, SPLA350. Korleis har rettleiinga vore Synnøve kommenterer at ei evaluering av SPLA350 bør få med begge sider, altså, innspel frå både student og hovudrettleiar. Målet vidare er å sende ut eit evalueringsskjema til begge partar.

2. Forslag til revisjon av studieplanar, tilpassing til ny studieordning med analogt opplegg for campus- og fjernstudentar.

Allereie ei vedtatt ordning – campus og fjernstudium. Styret blir mint på årsaka. Nettpansk er eit kurs studenten må betale for å ta og gir ingen studiepoeng til oss, men ein fjernstudent vil derimot kunne gi oss dette og auke vår «produksjon» av poeng. Det er desse poenga som i størst grad styrer rammene for framtidige budsjett.

Styret samtaler om temaet. Ein ser føre seg utstrekt bruk av seminaret som undervisningsform. Representantane meiner det vil krevje meir av studentane. Difor blir det viktig å leggje større del av undervisningsmateriale ut på MittUiB før, under og etter, å bruke denne plattformen aktivt, og førebu dei til diskusjon (gje dei spørsmål i forkant av seminara).

Det blir også diskutert korleis ein skal dele inn studentane. Her blir det uttrykt at ein bør vere konsekvent i inndeling, ei gruppe for campus og ei for fjernstudentar. Det kjem også eit innspel på om ein kan leggje fjernundervisninga til kveldstid. Kven kjem til å undervise? Jon seier, at nettunderviserane vil gjere dette.



Forslag til plan for å kome i gang: (frist 1. juni)

- Styret vedtar at all planlegging begynner på disiplinnivå. Tilpassing til to parallelle løp - pakker. Revisjon av studieplan/emneomtalar.
- Innkalle til møte i mars med nettspansk. Praktisk/teknisk retta. Gjere oppgåver. Treng kurs (og metode). Lære av kvar andre, særleg frå dei som har nettspansk. Seminar.

Studieplanane må bli endra for våren 2021, 100-nivå. Difor må styret stemme om konkrete endringar ved neste programstyremøte. Forslaga til endring må bli lagt inn i EPN i forkant av dette møtet.

06/20

Ymse

1. Påmelding mentorordninga:

Stud. Rep. Solveig var einaste påmeldte, men det er også ein annan interessent. Kari melder seg til teneste og blir deira mentor.

Styret blir også kjend med den nye mentorordninga i regi av fakultetet. Studiestartveka held fram. Gruppeleiarane blir i tillegg utnemnde som mentorar og vil kalle inn til møte i løpet av heile det første året. *Sammen* vil halde kurs for gruppeleiarane om bevisstgjerings rolle og psykososial helse. Førstesemesterstudentane vil etter planen bli delt inn fagvis og nye spanskstudentar er tiltenkt å få ein erfaren spanskstudent som mentor.

2. Digitale tenester til undervisning

Synnøve tok opp spørsmålet om digitale verktøy og tilgang. Kva for program har vi fulle bruksrettar til og kva for programvare er berre tilgjengeleg som gratisversjon (demo). Skal vi bruke egne driftsmidler for å kjøpe inn ønskt programvare og abonnement (lisens)?

Lærarmøte 18. mars

21.04.20/RGB